



BrassWind 2016

BrassWind vart skipa i 2004 og er ein årleg musikkfestival i Bergen.

Korps er definitivt ein tradisjon. Korpsa sine forhold til repertoar er tradisjonelt. Når BrassWind-festivalen no nærmar seg sitt tolvte år kan festivalen også bli sett på som ein tradisjon.

Kan tradisjon og nyskaping gå hand i hand? Vi er overbeviste om at svaret på korleis vi formar framtida tuftast på tradisjonen. Fornying må springe ut av ein tradisjon.

Når Manger Musikklag spelar sin konsert, er det med eit tingingsverk av Ricardo Odriozola. Han er også fiolinist og skriv for den ekstreme kombinasjonen fiolin og brassband; ein kombinasjon ein lett kan kalle nyskapande. Odriozola er sjølv ein fornyar av ein tradisjon - han har eit nært og sterkt forhold til tangoen.

Telemark Messingensemble har tinga musikk som skal bli framført i gamle fabrikkhallar. Stykket «Pop Machinery» av Klaus Sandvik er eit forsøk på å smelte saman gamal lyd frå fabrikkhallar og moderne messingklang. Det moderne messinginstrumentet er på mange måtar eit barn av den industrielle revolusjonen. Det er difor eit særst interessant møte mellom akustikken og musikken som finn stad i dette verket.

Musikkonservatoriet i Tromsø har, sjølv om det er ei avdeling ved universitetet, halde på sitt særst tradisjonsrike namn. Tradisjonen vert heile tida utfordra, m.a. at studentane spelar i ein sinfonietta. Sinfoniettaen er eit ektefødt barn av kunstmusikken. Vi har mellom anna fleire profesjonelle ensemble av denne typen og sidan ca. 1990 har det vorte skapt mykje musikk for nettopp ein slik besetning. Saman med lærar og samtidsmusikk kjendis, klarinettisten Rolf Borch, vitjar dei oss med sentrale samtidsverk.

Norwegian Cornett and Sackbuts er eit tidlegmusikk-ensemble som spelar på tidsriktige instrument. Desse ur-instrumenta (cornett og sackbut) har klare likskaper med moderne blåseinstrument. Samstundes har dei noko heilt anna, ein poetisk klang som ein kanskje vil kalle tradisjon, men som skil seg så vesentleg frå ein moderne messingklang at ein i dag må rekna den som original og sær eigen.

Fløyboba er tre elever frå vidaregåande skule som har danna ein høgst original trio, fløyte, obo og tuba (!). Dei gjekk sist haust til topps i Ungdommens Musikkmeisterskap.

<http://osogfusa.no/kongshaug-elevar-til-topp-i-nm>

Bergen Tromboneensemble er ein nyskaping i Bergen, der dei fremste freelance-trombonistane, med Camilla Söderstrøm Tveit (frå Manger Musikklag) i spissen, har danna ein oktett.

Tromboneoktett, eller dobbel kvartett, er eit ensemble med stort spenn og mykje spanande musikk, ikkje minst nyare verk.

Fredag 30.09 2016, Johanneskirken - Bergen

19.30:

Manger Musikklag

Fløyboba

Norwegian Cornett and Sackbuts

Laurdag 01.10 2016, Universitets aula - Bergen

16.00:

Hordaland Ungdomskorps/Arvid Anthun

Musikkonservatoriet i Tromsø Sinfonietta/Rolf Borch

Bergen Tromboneensemble

18.00:

Telemark messingensemble/Trond Korsgård

Krohnengen Brass Band/Bjørn Breistein